



DET KONGELEGE DIGITALISERINGS- OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Departementenes sikkerhets- og
serviceorganisasjon
Postboks 8129 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
25/2281-20

Dato
6. januar 2026

Tildelingsbrev 2026 – Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

1. Innleiing

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) viser til Stortinget si behandling av Prop. 1 S (2025–2026) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (2024–2025), jf. Innst. 16 S (2025–2026) vedteke 16. desember 2025.

DFD gir Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa (DSS) fullmakt til å disponere utgifts- og inntektsløyvingane for 2026, jf. reglement for økonomistyring i staten § 7. I brevet fastset òg departementet krav til DSS og delegerer fullmakter.

Saman med tildelingsbrevet legg hovudinstruksen rammene for DSS si verksemd i 2026.

Vi ber DSS ta opp eventuelle uklarleikar så snart som mogleg.

2. Overordna prioriteringar og utfordringar

Departementsfellesskapet har to hovudleverandørar av fellestenester i DSS og Digitaliseringsorganisasjonen til departementa (DIO). DSS og DIO skal vera likeverdige partnerar som skal levere sikre og effektive fellestenester med riktig kvalitet, til departementa, Statsministerens kontor og kvarandre. Eit tett samarbeid mellom DSS og DIO er ein suksessfaktor for at vi skal lykkast med å skape eit godt departementsfellesskap.

Postadresse
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo
postmottak@dfd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.dfd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
932 384 469

Avdeling
Avdeling for
fellesfunksjonane til
departementa

Saksbehandlar
Vetle Bjøringsøy
Johnsen
22 24 72 67

DSS skal levere fellestenester og fellesløysingar innanfor fire hovudområde – vakt-, resepsjon-, og sikkerheitstenester, HR-tenester, fasilitetstenester og innkjøps- og omsettingstenester – som regulerast ut frå tenesteskildringar, jf. samarbeidsavtalen om tenesteleveransar med vedlegg, mellom DSS og verksemdene som får tenesteleveransar frå etaten. DSS skal i samarbeid med departementa og andre fagmiljø i staten, utvikle og tilby relevante kompetansetilbod til leiarar og medarbeidarar i departementsfellesskapet.

2026 er eit år med særleg mange og store oppgåver for DSS. Etaten har mange viktige utviklingsoppgåver som må ferdigstillast eller jobbast vidare med, mellom anna:

- etablering av nye tenester i sikker teknisk infrastruktur i regjeringskvartalet (STI)
- etablering av nye tenester i nytt regjeringskvartal (RKV) og annet arbeid knytt til prosjekt nytt RKV
- etablering av fleire fellestenester i departementsfellesskapet
- oppfølging av departementsstrategien «Gode kvar for oss. Best saman»

De ulike utviklingsoppgåvene er nærare beskrivne under oppdrag.

Sjølv om DSS har mange utviklingsoppgåver i 2026, skal framleis etaten sikre at departementa mottar sikre og effektive fellestenester med riktig kvalitet, jf. DSS sitt hovudmål for 2026. DSS må ha god økonomi-, portefølje- og prosjektstyring og bemanningsplanlegging i 2026. Det er også viktig at DFD og DSS har god dialog om framdrift for utviklingsoppgåver og prioriteringar av ressursar og oppgåver i 2026.

Hausten 2025 vart det vedteke at det skal etablerast ny styrings- og avgjerdsmodell for administrative fellestenester i departementsfellesskapet. Den nye styrings- og avgjerdsmodellen vart teken i bruk allereie i august 2025, men vil konkretiserast og utviklast vidare i 2026 gjennom etableringa av fleire fellestenester. Som ein del av dette arbeidet, vil DFD òg sjå på korleis etatsstyringa og styringsdialogen med DSS og DIO kan vidareutviklast i tråd med ny modell. DSS og DIO er viktige bidragsytarar inn i dette arbeidet, og DFD vil ta initiativ til dialog med etatane om dette i 2026.

3. Mål for 2026

Det er sett eit hovudmål for DSS for 2026, jf. Prop. 1 S (2025–2026) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet:

- **Departementa mottar sikre og effektive fellestenester med riktig kvalitet.**

Sikre og effektive fellestenester med riktig kvalitet er ein føresetnad for at departementa kan løyse samfunnsoppgåvene sine og ivareta rolla si som sekretariat for politisk leiing.

3.1 Delmål for 2026

Det er satt fire delmål for DSS for 2026.

1. Fellestenestene blir drifta og forvalta på ein kostnadseffektiv måte

Fellestenestene og fellesløysingane som blir levert av DSS skal vera kostnadseffektive og gi stordriftsfordelar. Fellesløysingar, å samle kompetanse i sterke administrative fagmiljø, standardisering og bruk av ny teknologi skal bidra til dette.

Styringsparameter 1 – Drift og forvaltning av tenester¹

DSS sine tenester blir drifta og forvalta på ein kostnadseffektiv måte.

DSS skal i årsrapporten rapportere på:

- tenestekostnader fordelt på tenester
- tenester som ikkje blir levert standardisert/på lik måte til departementa, og gi ei vurdering av om dette bør endrast
- tenester som blir brukte i avgrensa grad, og gi ei vurdering av om tenestene bør avviklast
- moglege tiltak for å effektivisere drifta og forvaltninga

2. Fellestenestene er gode, brukarvennlege og tilfredsstillar behova til kundar og brukarar

Fellestenestene og fellesløysingane skal leverast med rett kvalitet, til rett tid, og skal tilfredsstillar behova til departementa. Tenestene skal vera relevante, tilgjengelege og gjorde kjende for kundar og brukarar.

Styringsparameter 2 – Kvalitet i tenester

DSS får gode tilbakemeldingar i sine brukarundersøkingar og kundeundersøkingar, og følgjer opp med moglege tiltak for å forbetre tenestene. DSS skal jobbe aktivt med departementa for å avdekke behov for vidareutvikling.

DSS skal rapportere på:

- resultat frå brukarundersøkingar og kundeundersøkingar, så snart dei er gjennomførte og klare, jf. pkt. 4.2.2 i hovudinstruks for DSS
- eventuelle forslag til oppfølgingstiltak etter gjennomførte brukarundersøkingar, kundeundersøkingar og kundemøter, så snart dei er klare

Vidare skal DSS i årsrapporten rapportere på:

- status for igangsette oppfølgingstiltak etter gjennomførte brukarundersøkingar, kundeundersøkingar og kundemøter
- eventuelle forslag til endringar i eksisterande tenester og/eller etablering av nye tenester

Styringsparameter 3 – Avtalebrot/avtaleusemje

¹ Alle rapporteringar på styringsparametrane skal ha opplysningar som gjer det mogleg å samanlikne resultatata med fjoråret på tilsvarende tidspunkt.

DSS følger opp kundeførespurnader om avtalebrot/avtaleusemje og klager.

DSS skal pr. tertial og i årsrapporten rapportere på:

- kundeførespurnader om avtalebrot/avtaleusemje og klager pr. departement
- korleis kundeførespurnadene blir følgde opp og løyste

Styringsparameter 4 – Brukarstøtte

DSS leverer effektiv brukarstøtte for tenesteområde som varetek behovet til brukarane.

DSS skal rapportere på førespurnader til brukarstøtte fordelt på:

- DSS' tenesteområde
- bestillingar, hendingar og brukarspørsmål
- alvorgrad (DSS må gjere greie for alvorlege hendingar og korleis desse er/blir følgt opp)

3. Vakt-, resepsjons- og sikkerheitstenester blir leverte i samsvar med krav og føringar frå gjeldande lovverk og frå departementet

Alle fellestenester og fellesløyisingar som DSS leverer til departementsfellesskapet innan området vakt, resepsjon og sikkerheit, skal leverast i samsvar med krav og føringar frå gjeldande lovverk og frå departementet. Nærare skildring av dette følgjer av hovudinstruksen pkt. 2.1.

Styringsparameter 5 – Oppetid tekniske sikringssystem

DSS leverer robuste og driftssikre tekniske sikringssystem innanfor kategoriane automatisk inngangskontroll, automatisk innbrotsalarm og kameraovervaking.

DSS skal rapportere på:

- ikkje-planlagd nedetid for sikringssystema i felles grunnsikring, der formålet til systemet fell bort
- oppetid for dei tekniske sikringssystema
Oppetida skal vera minst 99,9%. Planlagd nedetid der formålet til systemet blir vareteke gjennom andre tenester, blir ikkje rekna som nedetid.

Styringsparameter 6 – DSS' tenesteleveransar for felles grunnsikring

DSS leverer sikkerheitstenester i samsvar med føringar og krav i gjeldande oppdragsbeskriving for DSS' tenesteleveransar for felles grunnsikring.

DSS skal rapportere på:

- avvik frå krava i gjeldande oppdragsbeskriving for DSS' tenesteleveransar for felles grunnsikring

4. DSS styrkjer departementsfellesskapet sin samla kompetanse og evne til å utføre oppgåvene sine

DSS skal styrkje departementsfellesskapet sin samla kompetanse og evne til å utføre oppgåvene sine.

Departementsakademiet skal vera ein arena for kompetanseutvikling og tilby relevant kompetansetilbod til alle tilsette i departementsfellesskapet. Departementsakademiet skal prioritere departementsspesifikk kompetanseutvikling, for oppgåver i grensesnittet mellom fag og politikk.

DSS tilbyr òg kompetanseutvikling innafor leiing, organisasjonsutvikling, strategisk kompetansestyring, verktøy for oppgåveløysing, nye arbeidsmåtar og bruk av nye tenester i nytt regjeringskvartal. Kompetansen formidlast gjennom ulike verkemiddel som digitale og fysiske produkt og kurs.

Styringsparameter 7 – Kompetanseheving for departementsfellesskapet

DSS leverer gode og relevante kompetansetilbod for departementstilsette, både i grensesnittet mellom fag og politikk gjennom Departementsakademiet, og for leiing, organisasjonsutvikling, nye arbeidsmåtar og verktøy for oppgåveløysing gjennom seksjon for kompetanse og organisasjonsutvikling.

DSS skal rapportere på:

- talet på departementsspesifikke kurs i regi av Departementsakademiet
- talet på kurs og bistandsaktivitetar frå seksjon for kompetanse og organisasjonsutvikling
- om deltakarane opplever kursa og andre kompetansetilbod som nyttige og relevante for oppgåveløysinga
- talet på deltakare på masterprogrammet og deltakaranes vurdering av tilbodet

3.2 Oppdrag

<i>Nr.:</i>	<i>Oppdrag:</i>	<i>Frist:</i>
1	DSS skal ferdigstille arbeidet med å overføre ansvaret for representasjonsanlegget til regjeringa (RRA) frå Utanriksdepartementet til DFD ved DSS, jf. oppdraget og føringane i supplerande tildelingsbrev nr. 9 2025.	1. mars 2026
2	DSS skal ferdigstille arbeidet med å etablere ei ny fellesteneste for servicetenester, jf. oppdraget og føringane i supplerande tildelingsbrev nr. 9 2025.	1. mars 2026
3	DSS er ein viktig bidragsytar for å sikre at vi får gode og funksjonelle fellesløysingar og fellestenester i nytt RKV, og STI. DSS skal bidra i gjennomføringa av viktige aktivitetar i sluttfasen av byggetrinn 1 for nytt RKV, jf. strategi for ferdigstilling og innflytting i byggetrinn 1 i nytt RKV. Dette omhandlar mellom anna oppfølging av ulike arbeidsgrupper, etablering av eksisterande og nye	30. juni 2026 Delar av oppdraget har eigne fristar i samsvar med planar for gjennomføring av sluttfasen av BT1. DSS må forhalda seg til desse fristane.

	administrative fellestenester i nytt RKV og STI og forberedande aktivitetar før innflytting.	
4	DSS skal legge til rette for å vidareutvikle HR-statistikk på tvers av departementsfellesskapet, og inkludere moglegheit for utvikling av statistikk og analysar i vurderinga av ny systemstøtte. DSS skal rapportere på status i dette arbeidet.	31. august 2026
5	DSS skal gjere ei kartlegging av kva objekt og infrastruktur etaten er avhengige av for å støtte opp under DFDs grunnleggjande nasjonale funksjonar (GNF) og Nasjonal tryggingsinteresser (NSI). Oversikten skal sendast til DFD og NSM. Basert på resultata av kartlegginga, skal DSS vurdere behov for å framme skadevurdering og forlag til klassifisering til DFD. DFD ønskjer eit oppstartsmøte med DSS i januar i 2026 om oppdraget. DFD vil innkalle DSS til oppstartsmøtet.	Frist for å oversende kartlegging til DFD er 29. mai 2026 Frist for å fremme skadevurdering og forslag til klassifisering er 31. oktober 2026
6	DSS skal halde fram arbeidet med etablering og implementering av nytt styringssystem for informasjonstryggleik, og følgje opp resultatet av internrevisjonen som vart gjennomført i 2025. DSS skal rapportere på framgang og tiltak som er gjennomførte i løpet av året.	31. desember 2026
7	DSS skal bidra inn i arbeidet med nytt RKV byggetrinn 2 del I og del II og byggetrinn 3.	31. desember 2026
8	DSS skal bidra i DFDs arbeid med å følgje opp departementsstrategien «Gode kvar for oss. Best saman». DFD vil komme nærmare tilbake til DSS om etaten sitt bidrag til dette.	31. desember 2026
9	DSS v/Departementsakademiet skal bygge opp nye faglege møteplassar på tvers av alle departementa. DSS skal utarbeide ein tiltaksplan for dette, som skal sendast til og drøftast med DFD.	15. mars 2025
10	DSS skal ferdigstille arbeidet med å etablere fleire fellestenester for HR, jf. oppdraget og føringane i supplerande tildelingsbrev nr. 9 2025.	1. januar 2027
11	DSS skal ferdigstille arbeidet med å etablere ei ny fellesteneste for førebyggjande tryggingsarbeid, jf. oppdraget og føringane i supplerande tildelingsbrev nr. 9 2025.	1. januar 2027

4. Andre føresetnader og krav

4.1 Fellesføringar 2026

4.1.1 Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

Det er eit mål med systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk.

DSS skal følgje opp dette målet. Verksemda skal ta omsyn til ivaretaking av kjerneoppgåver og kostnadseffektivitet i dette arbeidet.

DSS skal òg vurdere korleis klimaendringane vil påverke verksemda.

DSS skal gjere systematiske vurderingar av eige energibruk og ta i bruk lønsame energieffektive løysingar, og auke energifleksibiliteten der dette er relevant.

4.1.2 Positiv utvikling i tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller frávær frå arbeid, utdanning eller opplæring

Regjeringa har høge ambisjonar for inkludering og mangfald. Statlege verksemder skal ha ei positiv utvikling i tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller frávær frå arbeid, utdanning eller opplæring.

Arbeidsgjevarane skal i samarbeid med dei tillitsvalde sjølv definere eit føremålstenleg ambisjonsnivå for verksemda, ut frå eigenart og storleik.

DSS skal i årsrapporten oppgje tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller frávær frå arbeid, utdanning eller opplæring i 2026, og det totale talet på tilsetjingar i verksemda i 2026. Verksemda skal òg omtale utviklinga i 2026 samanlikna med rapporteringa si for 2025.

4.1.3 Redusere bruk av konsulentar

Det er eit mål at staten samla sett skal redusere bruk av konsulentar ved å utvikle eigen kompetanse. DSS skal arbeide for å redusere bruk av konsulentar på områder der verksemda kan bruke interne ressursar og kompetanse. Utover informasjons- og haldningskampanjar skal ein som hovudregel ikkje bruke tenester frå kommunikasjonsbransjen.

DSS skal i årsrapporten for 2026 rapportere om bruk av konsulentar og oppfølginga av fellesføringa, irekna totalbeløp for kjøp av konsulenttenester, kva tiltak som er sett i verk og konkrete resultat. Om det er fagområde og/eller kompetanseområde der konsulentar blir brukt i særleg grad i verksemda, skal bakgrunnen for dette omtalast nærare.

Verksemda skal som ein del av rapporteringa òg gi ein overordna omtale av eventuelle kjøp av konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen (alle typar kommunikasjonstenester) i 2026 og opplyse om totalbeløp for kjøp av slike tenester.

Om utgiftene til kjøp av konsulenttenester er vesentlege, bør verksemda spesifisere det nærare i note til årsregnskapet. Om verksemda har større kjøp av konsulenttenester frå andre statlege leverandørar, bør dette omtalast særskilt.

5. Budsjettildelingar

5.1 Budsjetttrammer 2026

I tråd med Stortinget sitt vedtak blir utgifter tildelte og inntekter fastsette for DSS i 2026, som følgjer:

Utgifter

Kap. 1510 Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

		[tal i kroner]
Post	Nemning	Budsjett 2026
01	Driftsutgifter	774 261 000
22	Fellesutgifter	131 988 000
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	12 333 000
46	Sikringsanlegg og sperresystem, <i>kan overførast</i>	11 040 000
Sum kap. 1510		929 622 000

Inntekter

Kap. 4510 Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

		[tal i kroner]
Post	Nemning	Budsjett 2026
02	Diverse inntekter	47 010 000
03	Brukarbetaling	43 137 000
Sum kap. 4510		90 147 000

Endringar/føringar for bruk av løyvinga:

Utgifter

Post 01 Driftsutgifter:

- Posten er auka med 39 mill. kroner for å dekke praktiske bindingar i DSS i samband med at verksemda skal setje i drift nye fellesfunksjonar, fellestenester og infrastrukturar i nytt regjeringskvartal byggetrinn 1. Dette omhandlar drift av sikker teknisk infrastruktur,

eksternt kontrollsentral for post og varer og trafikkkontrollsentral i nytt regjeringskvartal og mellombelse kostnader for DSS som følge av etablering av nytt regjeringskvartal.

- Posten er auka med 10 mill. kroner for å oppretthalde eit nødvendig driftsnivå i DSS mot ein tilsvarande reduksjon av løyvinga på post 45.
- Posten er auka med 18,9 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon av løyvinga på post 22. Overføringa kjem av endringar i fordelinga av husleigemidlar til interne areal som blir disponerte av DSS og husleigemidlar til fellesareal som blir disponert av fleire departement og DSS.
- Posten er auka med 5 mill. kroner for å dekke varige kostnader til forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av effektiviseringsarbeidet i EIREST («Effektiv informasjonsutveksling mellom regjeringa og Stortinget»), mellom anna arbeide med «Effektivisering av lovprosessen – Magnus».
- Posten er auka med 5,5 mill. kroner for å sikre at etaten har tilstrekkeleg kapasitet og tilgang på kompetanse til å følge opp arbeida med å etablere fleire fellestenester.
- Posten er auka med 65 000 kroner som følge av overføring av midlar for lisensar frå DIO.
- Posten er auka med 750 000 kroner som følge av overføring av midlar for samiske omsetjingar frå DIO.
- Posten er redusert med 2,5 mill. kroner som følge av at det ikkje lengre er behov for husleigemidlar til DSS for å leige lokale i Grubbegata 14.
- Posten er redusert med 419 000 kroner som følge av overføring til Direktoratet for forvaltning og økonomistyring for kjøp av lønstenester.

Post 22 Fellesutgifter:

- Posten er redusert med 18,9 mill. kroner mot ein tilsvarande auke av løyvinga på post 01, jf. omtale under post 01.
- Posten er redusert med 426 000 kroner som følge av overføring av midlar til DIO. Endringa omhandlar deling av priskompensasjon mellom DSS og DIO.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast:

- Posten er redusert med 10 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke av løyvinga på post 01, jf. omtale under post 01.

Inntekter

Post 03 Brukarbetalingar:

- Posten er redusert med 1,45 mill. kroner som følge av at DSS har fått redusert inntektskrav. DIO har fått tilsvarande auka inntektskrav på kapittelet sitt.

6. Fullmakter

Departementet delegerer budsjettfullmakter til DSS for budsjettåret 2026 som omtalt nedanfor. DSS er sjølv ansvarleg for å setje seg inn i dei krava og heimlane departementet viser til.

I tillegg gjeld dei administrative fullmaktene som DSS har fått delegert i hovudinstruksen, som gjeld frå 1.1.2025.

6.1 Meirinntektsfullmakt

Fullmakt til å overskride driftsløyvinga på kap. 1510, post 01 mot tilsvarande meirinntekter på kap. 4510, postane 02 og 03, jf. romartalvedtak II under DFD i Prop. 1 S (2025–2026), jf. Innst. 16 S (2025–2026) vedteke 16. desember 2025.

6.2 Fullmakt til nettobudsjettering ved utskifting av utstyr

Fullmakta blir gitt for kap. 1510, post 01 på dei vilkåra som kjem fram av R-110 pkt. 2.2.

6.3 Fullmakt til å inngå leigeavtalar og avtalar om kjøp av tenester utover budsjettåret

Fullmakta blir gitt på dei vilkåra som kjem fram av R-110 pkt. 2.3.

6.4 Fullmakt til å overskride investeringsløyving mot tilsvarande innsparing under driftsløyvingar under same budsjettkapittel

Fullmakta blir gitt for bruksendring frå kap. 1510, post 01 til kap. 1510, post 45, på dei vilkåra som kjem fram av R-110 pkt. 2.5.

6.5 Fullmakt til å overskride driftsløyvingar til investeringsformål mot tilsvarande innsparing i etterfølgjande budsjettår

Fullmakta blir gitt for overskridingar på kap. 1510, post 01 og post 21 til investeringsformål mot innsparing i løpet av dei tre følgjande budsjettår på dei vilkåra som kjem fram av R-110 pkt. 2.6.

7. Rapportering og resultatoppfølging

Tidspunkt for etatsstyringsmøte og rapporteringar i 2026 går fram av styringskalenderen i vedlegg 1.

7.1 Styringsdialog og rapportering gjennom året

Faste etatsstyringsmøte er ein forpliktande del av departementet si styring av DSS og ein sentral del av styringsdialogen.

Det skal gjennomførast tre etatsstyringsmøte i 2026, jf. hovudinstruksen, pkt. 3.3.2 og styringskalenderen.

DSS skal utarbeide og sende over tertialrapport pr. tertial til DFD, jf. hovudinstruksen, pkt. 3.3.3 og styringskalenderen. Tertialrapporten skal setjast opp i samsvar med avtalt mal mellom departementet og DSS.

7.2 Årsrapport og årsrekneskap

DSS skal sende årsrapporten for 2026 til departementet innan 15. mars 2027, med kopi til Riksrevisjonen. Årsrapporten skal tilfredsstille krava i hovudinstruksen for DSS. Rapporten skal innehalde rapportering om måloppnåing på styringsparametrar og oppdrag omtalt i dette tildelingsbrevet, jf. pkt. 3 Mål for 2026 og pkt. 4 Andre føresetnader og krav.

DSS skal sende ein korrekt, dekkjande og komplett årsrapport til departementet. Årsrapporten skal ikkje endrast etter at han er sendt til departementet, med mindre det er særskilde forhold som gjer det nødvendig.

For årsrapporten for 2025 som skal sendast til departementet innan 15. mars 2025, gjeld same krav som for 2025, med mindre noko anna kjem fram av dette brevet.

8. Budsjettmessige føresetnader

DSS har ansvar for å legge planar for 2026 slik at verksemda kan nå måla innanfor løyvingane som blir stilte til disposisjon i dette brevet, jf. Reglement for økonomistyring i staten § 9 og Bestemmelser om økonomistyring i staten, pkt. 2.2.

DSS kan ikkje overskride utgiftsløyvingane eller bruke dei til andre formål enn bestemt av Stortinget, jf. løyvingreglementets § 5. Unntaket er om det er gitt ei slik fullmakt i pkt. 6 i dette brevet.

DSS har ansvaret for å setje i verk tiltak slik at det ikkje oppstår behov for å auke løyvinga. Departementet føreset at DSS rapporterer omgåande om vesentlege endringar i budsjettføresetnadene.

Med helsing

Aleksander Åsheim (e.f.)
ekspedisjonssjef

Vetle Bjøringsøy Johnsen
utgreiingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Vedlegg:
Styringskalender for DSS for 2026
Hovudinstruks for DSS pr. 1.1.2025

Kopi

Riksrevisjonen

Vedlegg 1

Styringskalender for DSS for 2026

<i>Månad</i>	<i>Rapportering/møte</i>	<i>Tidspunkt</i>
Januar	Statsrekneskapen 2025 – Rapportering til statsrekneskapen – Sendast DFD med kopi til DFD	16.1.2026
	Statsrekneskapen 2025 – Førebels rekneskap, stadfesting/bruksendringar	23.1.2026
	Risikovurderingar av mål og oppgåver i tildelingsbrev for 2026 – Sendast DFD	23.1.2026
	Møte mellom DFD og DSS om risikovurderingar av mål og oppgåver i tildelingsbrev for 2026	28.1.2026
Februar	Statsrekneskapen 2025 – Forklaringar til statsrekneskapen – Sendast DFD	2.2.2026
	Statsrekneskapen 2025 – Overføringer av ubrukke løyvingar frå 2024 til 2025 – Sendast DFD	2.2.2026
	Plan for 2026 for investeringar og vedlikehald – Sendast DFD	2.2.2026
	Statsbudsjettet 2026 – Innspel til revidert nasjonalbudsjett (RNB)	23.2.2026
Mars	Førebels årsrapport for 2025	2.3.2026
	Årsrapport for 2025	15.3.2026
	Etatsstyringsmøte 1	25.3.2026
April		
Mai	Statsbudsjettet 2027 – Innspel til rammefordelingsforslaget (RFF) – Sendast DFD	4.5.2026
	Statsbudsjettet 2027 – Utkast til rapportering til Prop. 1 S (2026–2027) – Sendast DFD	22.5.2026
	Første tertialrapport pr. 30.4 – Sendast DFD	29.5.2026
Juni	Etatsstyringsmøte 2	16.6.2026
	Varsel om behov for større anslagsendringar i andre halvår – Sendast DFD	26.6.2026
Juli		
August		
September	Statsbudsjettet 2025 – Innspel til nysalderinga – Sendast DFD	21.9.2026
Oktober	Andre tertialrapport pr. 31.8 – Sendast DFD	5.10.2026
	DFD sender over utkast til tildelingsbrev for 2026	Medio oktober
November	Etatsstyringsmøte 3	3.11.2026
	Årleg rapportering på grunnsikring (nærare føringar kjem i eige brev i 2026) – Sendast DFD	6.11.2026
	DFD sender over 2. utkast til tildelingsbrev for 2027	Medio november
	Statsbudsjettet 2028 – innspel til nye satsingar	16.11.2026
	Statsbudsjettet 2028 – innspel til innsparringstiltak	16.11.2026
	Statsbudsjettet 2028 – innspel til tekniske justeringar	27.11.2026
	Statsbudsjettet 2028 – spesifikasjon av driftspostane	27.11.2026
Desember	DFD sender over endeleg tildelingsbrev for 2026	19.12.2026



DET KONGELEGE DIGITALISERINGS-
OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Departementenes sikkerhets- og
serviceorganisasjon
Postboks 8129 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
25/2281-31

Dato
6. februar 2026

Supplerande tildelingsbrev nr. 1 2026 – DSS – Førebuingar til innflytting byggjetrinn 1

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) viser til Tildelingsbrev 2026 – Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa (DSS), datert 6. januar 2026.

DFD gir med dette DSS fullmakt til å belaste kap. 1500, post 21 med inntil 3 mill. kroner i 2026. Dette skal gå til å dekke etaten sine utgifter til førebuingar til innflytting i nytt regjeringsskvarter byggjetrinn 1. Dette omhandlar mellom anna DSS sitt arbeid med kommunikasjons- og kompetanseaktivitetar for departementa.

DFD ber om at DSS sender over oversikt til departementet over utførte utbetalingar per tertial, og for heile året i samband med rapportering til statsrekneskapen (Statsrekneskapen 2026).

Med helsing

Aleksander Åsheim (e.f.)
ekspedisjonssjef

Vetle Bjøringsøy Johnsen
utgreiingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Postadresse
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo
postmottak@dfd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.dfd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
932 384 469

Avdeling
Avdeling for
fellesfunksjonane til
departementa

Saksbehandlar
Vetle Bjøringsøy
Johnsen
22 24 72 67

Riksrevisjonen



DET KONGELIGE DIGITALISERINGS-
OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Departementenes sikkerhets- og
serviceorganisasjon
Postboks 8129 Dep
0032 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

25/2281-36

9. mars 2026

Supplerande tildelingsbrev nr. 2 2026 – DSS: Overføringer av ubrukt løyving frå 2025 til 2026

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) viser til Tildelingsbrev for 2026 – Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa (DSS), av 6. januar 2026, og seinare supplerande tildelingsbrev. DFD viser også til brev frå DSS til DFD av 29. januar 2026, om forklaringar til statsrekneskapen 2025 og forslag til overføring av ubrukt løyving frå 2025 til 2026.

DFD har fått brev frå Finansdepartementet om vedtekne overføringer av ubrukt løyving frå 2025 til 2026. DSS si løyving på kap. 1510 blir samla sett auka med 63,775 millionar kroner, jf. tabellen under.

Kap. 1510 Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa *[tal i 1 000 kroner]*

Post	Nemning	Tildelingsbrev 2026	Overført frå 2025 til 2026	Disponibel løyving
01	Driftsutgifter	774 261	40 073	814 334
22	Fellesutgifter	131 988	3 733	135 721
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	12 333	13 412	25 745
46	Sikringsanlegg og sperresystem, <i>kan overførast</i>	11 040	6 557	17 597
	Sum kap. 1510	929 622	63 775	993 397

Løyvinga blir stilt til disposisjon for DSS.

Postadresse
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo
postmottak@dfd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 42
www.dfd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
932 384 469

Avdeling
Avdeling for
fellesfunksjonane til
departementa

Saksbehandlar
Gjertrud Eliassen

Med helsing

Vetle Bjøringsøy Johnsen (e.f.)
fung. avdelingsdirektør

Gjertrud Eliassen
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi:

Riksrevisjonen